

# Klart språk i Norden

Titel: Forord

Forfatter: Marit Hovdenak & Jan Olav Fretland

Kilde: Klart språk i Norden, 2005, s. 3

URL: <http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/ksn/issue/archive>



© Netværket for sprognævnene i Norden

## Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

## Forord

*Forståelig språk – for alle?* var tittelen på den tredje nordiske konferansen om *klarspråk*, som vart halden i november 2004 på Kongsberg i Noreg med støtte frå Nordens språkråd. Den første konferansen var i Stockholm i 1998, den andre på Hanaholmen ved Helsingfors i 2000. Konferansen samla deltakarar frå offentlege organ, private rådgjevingssfirma og enkelte store bedrifter.

Målet for konferansen var å medverke til erfaringsutveksling om klart og enkelt offentleg språk og gje inspirasjon til vidare arbeid, dessutan å medverke til systematisk arbeid i Noreg, særleg med tanke på den statlege språkkonsulenttenesta som skal byggjast opp.

Ordet ”klarspråk” har vore brukt som term i svensk dei siste tiåra om klårt, enkelt og forståelig språk som eit ideal for offentleg språkbruk. Det står i motsetning til ”kansellistil”, ”byråkratspråk” osv., det som i engelsk samanheng har vore kalla tåkespråket.

Konferansen tok til med dei politiske, overordna perspektiva, deretter følgde innlegg frå vitskapleg hald. I den midtre bolken gjekk vi nærare inn på praktisk språkbruk der ein i ulike samanhengar skal omforme fag- og byråkratspråk til eit språk dei fleste kan skjønne. Så fekk vi høyre kva fleire sentrale aktørar gjer for at deira mottakarar kan forstå budskapet betre.

Ein viktig lærdom frå konferansen er at arbeidet for betre og klarare språk må ha støtte frå leiinga i offentlege institusjonar eller selskap, elles er det vanskeleg å få gjennomslag, og at ein må byggje opp autoritet og respekt for arbeidet med tenleg språkføring. Sverige er som før det store førebiletet i Norden når det gjeld klarspråk, men også i Danmark har det komme eit skifte slik at det er større interesse for språkbruken. I Noreg skal vi til å byggje opp ei statleg språkkonsulentteneste. Klarspråk er også ei oppgåve for dei nordiske språknemndene og eit viktig tiltaksfelt i nordisk språkpolitikk. Det er tanken at neste klarspråkskonferanse skal haldast i Danmark.

Foredraga er for det meste trykte i si opphavlege, munnlege form. Nokre få har teke seg tid til å laga eigne artiklar av stoffet sitt. Foredraget til Line Henriksen er levert som ein fagartikkel på engelsk som ho har skrive saman med kollegaene sine, Bart Jongejan og Bente Maegaard. Vi har gjort ei varsam standardisering av overskrifter og skrifttypar elles. Siri Bjerke hadde ikkje høve til å skrive ut sitt innlegg, så her har vi i staden laga eit lite samandrag. Vi har og laga eit samandrag av den avsluttande debatten på konferansen. Lektor Sonja Vidjeskog frå Finland sende ei oppsummering med ferske inntrykk rett etter konferansen. Det er og teke med.

I komiteen for konferansen var desse med frå Norsk Språkråd: Torbjørg Breivik, Jan Olav Fretland, Rikke Hauge, Marit Hovdenak og Jostein Stokkeland. I tillegg er vi stor takk skuldige til gode nordiske kollegaer: Birgitta Lindgren, Aino Piehl og Eivor Sommardahl.

Lærdal/Oslo, mars 2005

Marit Hovdenak

Jan Olav Fretland